



DEN NORSKE KYRKJA

Kyrkjelydane i Vaksdal



K O N F I R M A N T Å R E T 2 0 2 5 - 2 6

INNMELDING

Innmelding skjer ved elektronisk registrering på www.kyrkja.no/vaksdal
seinast 22. august - men helst så snart du kan!

Kontakt oss (vegen.vaksdal@kyrkja.no) viss du ikkje får til å registrere deg der.
Alle som ynskjer det er velkomne til å vera med på konfirmanttida saman med oss!
Viss nokon ynskjer å bli døypt, avtalar me seinare korleis og kva tid det kan skje.

Orienteringsmøte tysdag 19. august kl. 18-19 i Dale kyrkje

Dette er for konfirmantar og føresette som ynskjer meir info om konfirmasjonstida.

ME GJER BLANT ANNA DETTE I KONFIRMASJONSTIDA:

Gudsteneste med presentasjon

(konfirmantane skal berre vere med i si kyrkje)

- **Stamnes sokn:** Søndag 24. august kl. 11 i Stamnes kyrkje
- **Vaksdal sokn:** Søndag 24. august kl. 16 i Vaksdal kyrkje
- **Dale sokn:** Søndag 31. august kl. 11.00 i Messehagen på Dale

Samlingar

Stordelen av opplegget vert **gruppevise samlingar på Dale tysdagar ca. kl. 14 - 15.30**. Datoane og oversikt over opplegget kjem etter presentasjonsgudstenestene.
Konfirmantane blir delte i to grupper etter eige ynskje, der den eine gruppa primært er inne, og den andre er mest mogleg ute.

Konfirmasjonsdatoane

- **Dale kyrkje:** Søndag 3. mai kl. 11.00
- **Vaksdal kyrkje:** Søndag 3. mai kl. 11.00
- **Stamnes kyrkje:** Søndag 10. mai kl. 11.00